

Hardanger, 19. februar 2018

## Høyringsuttale - Opo og Sandvinvatnet - flaumsikring og kraftverk

Hardangerfjord Villfisklag er ein interesseorganisasjon for grunneigarlag, rettighetshavarar til vassdrag, jakt- og fiskelag i vassdrag kring Hardangerfjorden. Laget sitt overordna arbeidsmål er å sikre ei langsiktig berekraftig forvaltning av bestandane av laks og sjøaure i fjord og vassdrag.

### Laks i Hardangerfjorden og Opo

Laksen viser stor evne til å finne tilbake til si fødeelv når den skal gyte og laksebestander i ulike elvar er reproduktivt skilde slik at det oppstår genetiske forskjellar mellom dei. Eigenskapar som er utvikla og tilpassa over tusener av år til forholda i den enkelte elva. Dette er godt dokumentert for mange bestander av laks, sjøaure og andre artar av laksefisk.

Dei siste 40 år er laks og sjøaure blitt utsett for store menneskeskapte påverknadar, både i vassdraga og i sjølve Hardangerfjorden. Størst negativ påverknad har ein frå innkryssing av rømt oppdrettslaks på gyteplassen og skadar av lakselus frå 30-40 millionar oppdrettslaks som til ei kvar tid står i opne anlegg i fjordsystemet. I elvane ser vi at fysiske inngrep ved vasskraftreguleringar, ulik miljøpåverknad, mm har ført til utfordringar for lokale bestandar i mange vassdrag. Forhold som og over tid har hatt ein sterk negativ påverknad og ført til at bestandane i dag er på eit historisk lågt nivå.

På tross av denne negative utviklinga, viser analysar utført av NINA på ni laksebestandar, m.a. storlaksen frå Opo, at desse er genetisk forskjellig. Konklusjon er at laksen i vassdraga rundt Hardangerfjorden er beslektet men genetisk ulik, og utgjer distinkte bestandar for kvar elv på line med det vi finn i andre fjorder, m.a. Sognefjorden og Trondheimsfjorden. Desse laksestammene er difor tilstrekkeleg reproduktivt isolert til at det oppstår genetiske forskjellar mellom dei, både ved genetisk drift (ein tilfeldig prosess) og ved naturleg utval.

### Genbank Hardangerfjord

Hardangerfjord Villfisklag har m.a. ansvar for koordinering av den lokale aktiviteten knytt til etableringa av «Genbank Hardangerfjord for laks og sjøaure». Dette er eit tiltak som omfattar innsamling og oppbevaring av genetisk materiale av laks og sjøaure frå 22 vassdrag. Oppbevaring skjer i både ein levande og ein frosen genbank. Overskotet av produksjonen frå det innsamla materialet vert tilbakeført og bidreg til styrking av bestandane i opphavsvassdraga, ved planting av rogn og utsett av yngel. Storlaksen frå Opo er ein av bestandane som er med i dette unike prosjektet.

Genbank Hardangerfjord har som mål å bidra til å bevare og styrke bestanden av den særegne Opolaksen. I 2018 blir det tredje året med tilbakeføring av overskotsrogn og - yngel frå innsamlinga av stamfisk med unike

Opolaksgener. Disse vert planta som augnerogn eller satt ut som yngel i både Storelva og Opo. Dette arbeidet skjer i eit godt samarbeid med lokale krefter frå grunneigarlag, jakt- og fiskelag, forskingsmiljø, miljøforvaltinga i fylket og nasjonalt og har i Odda utløyst eit stort engasjement og fornya entusiasme langs elvebredda.

### **Laksen og sjøauren ved ei regulert Opo**

Vi har eit ansvar for å ta vare på dei unike eigenskapane som desse bestandene har utvikla gjennom fleire tusen år for å tilpasse seg forholda i kvar si elv. Ikkje minst gjeld det for den storvokste laksen i den krevjande Opo. Kva skjer om ein endrar forholda ved å ta bort vatn frå elva, vil og føresetnadane for livet i vassdraget endrast. Kva skjer så med laks og sjøaure ved ei sterkt regulert elv? Hardangerfjord Villfisklag er uro over at ein ikkje kjenner svara på og heller ikkje har erfaring for kva løysingar som krevst for å bøte på dei føresetnadane denne nye situasjonen krev.

### **Om Opolaksen og Oddasamfunnet.**

Reiselivsnæringa i Hardanger starta på slutten av 1880-åra og då var det naturen med fjorden, fonna, laksen og sjøauren i elvane som lokka dei reisande hit. I dag tar igjen Odda mål av seg å tilby naturbaserte opplevingar til eigne innbyggjarar og besøkande gjester. Ei haustbar lakse- og sjøaurestamme i eit sentrumsnært vassdrag som Opo og Storelva, vil for Oddasamfunnet ha ein stor verdi. Lokalt, regionalt, men også i ein nasjonal og internasjonal samanheng. Storelva som ei svært lett tilgjengeleg elv, kan ved ei god forvaltning i nær framtid framstå som eit eldorado for den sportsfiskeinteresserte. I ein kommune og ein region prega av tiår med fråflytting, vil haustbare anadrome bestandar for svært mange bety både bulyst og trivsel gjennom eit positivt engasjement for fisk og vassdrag. Den jobben har ein alt starta på i Odda.

### **Krav til avbøtande tiltak**

Ved ein eventuell konsesjon må det stillast kvalifiserte og målbare miljøkrav på ei rekke områder. Etter Hardangerfjord Villfisklag sitt syn vil fylgjande vilkår være viktige som minimumspålegg:

- Sikre ei sesongmessig tilpassa minstevassføring mest moglege lik historisk normale variasjonar for optimale vilkår for laks og sjøaure.
- Sikre ei vassføring som bidreg til at Opo kan framstå som ei attraktiv sportsfiskeelv med ein haustbar bestand av laks og sjøaure.
- At ein sikrar og legg til rette gode gyteområder.
- At ein sikrar ei vintervassføring som hindrar uttørking av gytegroper.
- At ein legg til rette gode oppvekst- og levekår for ungfisk.
- Etablere og driftar fisketrapp for anadrom fisk i Eidesfossen.
- Etablere tiltak i inntak til kraft-/flomtunnel som hindrar tilkomst for all fisk, anadrome og utgåande smolt og stamfisk.
- Etablere tiltak som hindrar tilkomst for anadrom fisk til utløp frå kraftstasjon.
- Viser det seg at anadrom fisk søker til og blir ståande ved utløp av krafttunnel, skal det etablerast eit manøvreringsregime som prioriterer vatn til Opo i perioden juni til september.
- Gjennomfører og rapporterer årleg oppfølging og kontroll av miljøtiltaka, m.a. ungfisktelling, kontroll og vedlikehald av gyte- og oppvekstområder, mm.
- Installerer offentleg lett tilgjengelege og lesbare moglegheiter for kontroll av pålagt minstevassføring.

- At det blir gitt pålegg om deltaking i det fiskeforsterkande arbeidet i Opo og Storelva i samarbeid med lokale krefter.
- SKL blir pålagt å opprette og årleg vedlikehalde eit offentleg styrt miljø- og fiskefond for kompensierende tiltak i Storelva, Sandvinsvatnet og Opo.

For

Hardangerfjord Villfisklag

Sven-Helge Pedersen